

Innst. O. nr. 103

(2000-2001)

Innstilling frå justiskomiteen om lov om
endringar i domstolloven m.m.

(den sentrale domstoladministrasjon og
dommarane si arbeidsrettslege stilling)

Ot.prp. nr. 44 (2000-2001)

Til Odelstinget

1. HOVUDINNHALDET I PROPOSISJONEN

Innleiing

Hovudføremålet med å fremme proposisjonen er å foreslå ein reform av den sentrale administrasjonen av domstolane. Proposisjonen er ei oppfølging av Domstolkommisjonen sitt arbeid jf. NOU 1999:19, Domstolene i samfunnet.

Prinsippet om at domstolane er uavhengige i den dømmende verksemda er ein føresetnad, men kjem ikkje direkte til uttrykk i Grunnloven. Fleirtalet i Domstolkommisjonen har foreslått at dette prinsippet skal grunnlovfestast.

Organisering av den sentrale domstoladministrasjonen

Den sentrale administrasjonen av dei alminnelege domstolane er i dag lagt til Justisdepartementet. Justisdepartementet foreslår at det vert oppretta ein domstoladministrasjon utanfor departementet med eit eige styre med sju personar som vert oppnemnde dels av Kongen, dels av Stortinget. Det skal framleis liggje eit ansvar hos ein parlamentarisk ansvarleg, men departementet skal ikkje lenger ha alminneleg instruksjonsrett over domstoladministrasjonen eller den einskilde domstolen i administrative spørsmål. Regjeringa skal ved kongeleg resolusjon i unntakstilfelle kunne instruere domstoladministrasjonen i administrative einskildsaker.

Styret sine vedtak overfor domstolane skal som hovudregel vere offentlege. Kongen i statsråd vil ha høve til å avsette styret på visse vilkår.

Budsjettet for domstoladministrasjonen og domstolane skal framleis inngå som ein del av regjeringa sitt samla budsjettframlegg for Stortinget. Innanfor dei retningslinene og dei økonomiske rammene som vert trekte opp i budsjettproposisjonen skal domstoladministrasjonen ha monaleg handlefridom når det

gjeld val av verkemiddel. Domstoladministrasjonen bør sjølv kunne sende sitt budsjettframlegg til Stortinget.

Justisdepartementet foreslår at domstoladministrasjonen vert lokalisert til Trondheim.

Utnemning av dommarar

Ifølgje Grunnloven er det Kongen i statsråd som har rett til å utnemne dommarar.

Det vert no foreslått etablert eit nytt eksternt Innstillingsråd ved dommarutnemningar for alle dommarar med unntak av høgsterettsjustitiarius. Innstillingsrådet skal innstille 3 søkjarar, og den aktuelle domstolleiaren skal trekkjast aktivt inn i tilsetjingsprosessen. Justisdepartementet skal deretter berre i svært avgrensa grad vurdere forslaget.

Namn og rangering av dei søkjarane som vert innstilte bør vere offentleg tilgjengeleg, medan Innstillingsrådet si grunngeving for innstillinga ikkje bør offentleggjerast. Opplysningane om ein søkjar kan haldast utanfor offentleg innsyn dersom søkjaren sjølv ber om det.

Mellombelse dommarar

Bruken av mellombelse dommarar har ved fleire høve blitt kritisert. Justisdepartementet foreslår at det vert gjennomført forsøk med å opprette faste dommarstillingar felles for fleire domstolar, men der dommaren fast høyrer til ein domstol. Vidare vert det gjennomført forsøk med øyremerking av nokre nye faste dommarstillingar ved nokre store domstolar, utover det dommartalet som domstolane sine eigne saker gjev grunnlag for. Domstolen vil ha plikt til å gje frå seg dommarar til handsaming av saker ved andre domstolar i regionen tilsvarande eit visst vekeverk pr. år. Retten til å konstituere dommarar som ekstrahjelp og som vikar held fram, men berre som subsidiær løysing.

Det skal ikkje vere fleire dommarfullmektigar enn faste dommarar ved nokon domstol. Meir systematiske opplærings tiltak og meir systematisk siling av kva for saker som vert gjevne til dommarfullmektigar, bør finne stad.

Lagmannsretten skal framleis kunne nytte pensjonerte dommarar som ekstraordinære dommarar og tilkalla dommarar frå første instans. Det vert likevel lov- festa ei avgrensing, ved at det berre kan delta éin til- kalla eller ekstraordinær dommar ved handsaming av ei sak.

Alle mellombelse dommarar vert sikra det same utvida stillingsvernet som følgjer av Grunnloven § 22 andre leddet.

Dommarane sine sidegjeremål

Norske dommarar står relativt fritt til å ha sidegje- remål. Justisdepartementet foreslår at det vert innført ei registreringsordning som omfattar ein vesentleg del av sidegjeremåla for dommarar. Registeret skal først av domstoladministrasjonen og skal vere opent for al- minneleg innsyn. Berre i liten utstrekning vert det gjort framlegg om forbodsordningar. I noko større grad vert det foreslått godkjenningssordningar for uli- ke typar sidegjeremål.

Ny klage og disiplinærordning

Departementet foreslår at det vert etablert ei ny klage- og disiplinærordning for dommarar. Kjerne- området for ordninga vil vere kritikkverdige tilhøve i tenesten, det vil seie framferd i strid med «god dom- marskikk». Brot på arbeidsrettslege plikter bør også omfattast, og unntaksvis tilhøve utanfor tenesten der dette har verknad for dommargjerninga.

Alle som har vore utsette for påstått kritikkverdig framferd skal kunne klage på dommaren. Det same gjeld domstolleiar, domstoladministrasjonen og Jus- tisdepartementet. Dommaren kan òg sjølv bringe ei sak inn for klage- og disiplinærorganet, som dessutan av eige tiltak kan ta opp ei sak. For tilhøve utanfor te- nesten har berre domstolleiar, domstoladministrasjo- nen og Justisdepartementet klagerett.

Det nye klage- og disiplinærorganet vert eit eige organ kalla Tilsynsutvalet for dommarar, som vert oppnemnt av regjeringa.

Administrative og økonomiske konsekvensar

Stillingstrongen ved den nye domstoladministra- sjonen er om lag 65 årsverk. Dette skal dekkjast ved overføring frå Justisdepartementet og Rettsvesenets IT- og fagadministrasjon (RIFT). Etablerings- og om- stillingskostnader vert om lag 29 mill. kroner. Dei år- lege driftskostnader vert førebels rekna til ca. 40 mill. kroner, der 35 mill. skal overførast frå Justisdepar- tementet og Herads- og byrettane sine budsjettkapittel.

Ein reknar med at den nye domstoladministrasjonen tidlegast kan etablerast andre halvår 2002.

Meirutgifter i samband med ny handsamingsmåte for dommarutnemning vert sett til kr 500 000 pr. år, medan auka utgifter i samband med forslaga knytt til dommarfullmektigar er sett til ca. kr 6 900 000 pr. år.

Departementet foreslår at det vert oppretta 5-8 nye lagdommarstillingar for å kompensere den redu- serte bruken av tilkalla dommarar og ekstraordinære dommarar i lagmannsrettane. Dette vil gje ein samla årleg kostnad på 3-5 mill. kroner.

Utgiftene til oppretting av eit offentleg tilgjenge- leg register over sidegjeremål reknar ein med vil koste ca. kr 150 000, medan driftsutgifter er rekna til ca. kr 100 000 pr. år.

Kostnadene til Tilsynsutvalet for dommarar vert omkring kr 250 000.

2. BAKGRUNN OG FØREMÅL MED PROPOSISJONEN

Domstolkommisjonen fremma i NOU 1999:19 Domstolene i samfunnet, forslag om endringar i orga- niseringa av den sentrale domstoladministrasjonen og utnemningsordninga for dommarar, ei ny klage- og disiplinærordning for dommarar, redusert bruk av mellombelse dommarar og rettsleg regulering av dommarane sine sidegjeremål.

Domstolkommisjonen har òg tatt opp ei rekkje problemstillingar knytt til lekdommarar, den sivile rettspleia på grunnplanet og særdomstolane. Det fore- går utgreiingsarbeid på nokre av desse områda, og de- partementet vil arbeide vidare med desse spørsmåla.

Hovudføremålet med proposisjonen er å foreslå ein reform for den sentrale domstoladministrasjonen.

3. OVERSYN OVER DOMSTOLORDNINGA I NOREG

Hovudtyngda av den dømmande verksemda i Noreg skjer i dei alminnelege domstolane, dvs. Høg- sterett, lagmannsrettane og herads- og byrettane.

Vi har 6 lagmannsrettar, 92 herads- og byrettar og ca. 440 forliksråd. Svært mange sivile saker startar i forliksrådet med obligatorisk meklung. Alle straffesa- ker startar i herads- og byrettane. På landsbasis var ta- let på tilsette i domstolane pr. 1. januar 2000, 624 dommarar inkludert dommarfullmektigar, og 1 000 stillingar utan dømmande oppgåver.

Ansaret for den sentrale administrasjonen av domstolane er lagt til Justisdepartementet. Dei seinare åra er det skjedd ei omfattande delegering av oppgå- ver til domstolleiarane. Det vert i proposisjonen gjort kort greie for saksgangen i domstolane.

4. INTERNASJONALE PRINSIPP OG DOMSTOLAR

Prinsippet om at domstolane og dommarane er uavhengige står sentralt i ei rekkje internasjonale dokument. Den fundamentale føreseigna er artikkel 6 i Den europeiske menneskerettskonvensjon av 4. november 1950 (EMK). Ein av rettstryggleiksgarantiane i artikkel 6 er retten det einskilde individ har til å få avgjort saka av «en uavhengig og upartisk domstol opprettet ved lov». Det er eit sentralt element i sjølvstendekravet at den utøvande makta ikkje kan fjerne ein dommar med mindre heilt spesielle tilhøve ligg føre.

5. GENERELLE OMSYN OG PRINSIPP

Domstolane og domstoladministrasjonen må vere i harmoni med vår demokratiske statsform, og uavhengige domstolar er ein sjølvstøtt del av vår statsforfatning. Rettstryggleiksomsynet gjer at domstolane må innfri grunnleggjande krav til m.a. rimeleg sakshandsamingstid, eit akseptabelt kostnadsnivå for domstolane sine brukarar og fagleg gode avgjerder. Domstolane må ha folk sin tillit for å kunne fylle si oppgåve. Også Grunnloven § 110 a, om staten sine plikter i høve til den samiske folkegruppa, stiller krav til domstolane.

6. GRUNNLOVTFESTING AV DOMSTOLANE SITT SJØLVSTENDE

Prinsippet om at domstolane og dommarane er uavhengige i den dømmande verksemda er ein føresetnad i Grunnloven, men har ikkje kome direkte til uttrykk.

Fleirtalet i Domstolkommisjonen foreslår grunnlovfesting av dette prinsippet, og grunngev dette m.a. med at dei meiner prinsippet er av så grunnleggjande verdi at det bør kome klårt fram gjennom ei eiga føresegn i Grunnloven. Mindretalet i kommisjonen går imot grunnlovfesting, og grunngev sitt syn m.a. med at det aldri har vore tvil om at domstolane og dommarane i Noreg er uavhengige i si dømmande verksemd. Det vert peika på at konstitusjonell sedvane har medført monalege endringar i norsk statsliv, utan at dette er kome til uttrykk i Grunnloven.

Blant dei få høyringsinstansar som har kome med merknader, er meiningane delte.

Justisdepartementet peikar på nokre argument for og mot grunnlovfesting, men tek ikkje standpunkt til om prinsippet om uavhengige domstolar bør grunnlovfestast. Departementet foreslår at ein eventuell ny § 89 i Grunnloven bør lyde slik:

«Alle Dommere bør være uafhængige i deres dømmende Gjerning.»

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Vidar Bjørnstad, Astrid Marie Nistad, Jan Petter Rasmussen og Ane Sofie Tømmerås, fra Kristelig Folkeparti, Finn Kristian Marthinsen og Åse Wisløff Nilssen, fra Høyre, lederen Kristin Krohn Devold og Bjørn Hernæs, fra Fremskrittspartiet, Jan Simonsen, fra Senterpartiet, Tor Nymo, og representanten Jørn L. Stang, har merka seg at Domstolkommisjonen sitt fleirtal foreslår grunnlovfesting av domstolane og dommarane sitt sjølvstende i den dømmande verksemda. Komiteen har også merka seg at Justisdepartementet peikar på argument for og mot grunnlovfesting. Som argument for vert det ført fram mellom anna at ei grunnlovfesting vil kunne tydeleggjere domstolane si stilling i vår statsforfatning. Av motargument vert nemnt at ei inkorporering i Grunnlova av berre enkelte prinsipp som bygger på konstitusjonell sedvanerett vil kunne skape uvisse i balansen mellom reglane i Grunnlova og den øvrige konstitusjonelle sedvaneretten. Dessutan er domstolane sin fridom alt uttrykkeleg inkorporert i norsk rett ved menneskerettslova.

Komiteen ser ikkje grunnlag for å svekkje dagens oppfatning av føresegnene i Grunnlova og den øvrige konstitusjonelle sedvaneretten med å føreslå endring av Grunnlova.

Komiteens medlem fra Fremskrittspartiet og representanten Jørn L. Stang mener primært at utnevnelser til Høyesterett skal foregå ved at regjeringen nominerer kandidater som godkjennes av Stortinget med 2/3 flertall i plenum, og at dommere ved øvrige domstoler utnevnes av et collegium oppnevnt og administrert av Høyesterett. Dette forutsetter en endring av Grunnloven.

Når det gjelder en generell grunnlovfesting av domstolenes uavhengighet, er disse medlemmer enig med komiteens øvrige medlemmer.

7. SENTRAL DOMSTOLADMINISTRASJON

7.1 Organiseringa av domstoladministrasjonen i dag

Ansvar for den sentrale administrasjonen av domstolane er lagt til Justisdepartementet, og arbeidet vert i hovudsak utført av domstolavdelinga i Justisdepartementet og RIFT.

Det er også etablert nokre frittstående råd utanfor departementet, der dommarar og andre domstoltilsette har ansvaret for viktige administrative tiltak, dels saman med representantar frå departementet og dels som reine dommarråd.

Mykje av den daglege administrasjonen er delegert til den einskilde domstolleiar.

7.2 Sentral domstoladministrasjon i andre land

Det vert i proposisjonen pkt. 7.3 gjort greie for ordningane i våre granneland og i land som nyleg har greidd ut domstolane si stilling og administrasjonen av domstolane.

I Danmark og Island har ein nyleg gjennomført reformar av det domstoladministrative arbeidet, med større grad av fristilling. I Sverige har ein i mange år hatt eit eige Domstolverk med monaleg handlefridom.

7.3 Allmenne omsyn ved organiseringa av ny sentral domstoladministrasjon

I proposisjonen pkt. 7.4 vert det peika på følgjande omsyn ved organiseringa av ny domstoladministrasjon; demokratiomsynet, omsynet til at domstolane skal vere upartiske og uavhengige, ha god kvalitet, at domstolane må ha tillit frå folk og omsynet til offentleg innsyn.

7.4 Moglege hovudmodellar for framtidig organisering av den sentrale domstoladministrasjonen

Det er fleire organisasjonsløyningar som kan vere aktuelle. Dei viktigaste alternativa er:

- *Departementsmodellen*, eventuelt med eit eksternt korrektiv i form av eit råd eller liknande.
- *Direktoratsmodellen*, eventuelt med eit styre. Statsråden har framleis det parlamentariske og konstitusjonelle ansvaret.
- *Sentralbanklov-modellen*, der ein held fast ved regjeringa sin instruksjonsrett, men knytt til vilkår som gjev domstoladministrasjonen ein stor grad av sjølvstende.
- *Frittståande domstoladministrasjon* med tilknytting til regjering eller Storting for eksempel gjennom rett til å oppnemne og avsette styret for domstoladministrasjonen.
- *Domstoladministrasjon styrt direkte av domstolane*, der domstolane administrativt ikkje er undergitt nokon anna innverknad frå dei andre statlege styresmaktene.

7.5 Nærare om forslaget frå Domstolkommisjonen

Fleirtalet i kommisjonen har foreslått ei ny administrativ ordning for domstolane. Hovudtrekka i forslaget er at domstoladministrasjonen skal leiast av eit styre, delvis valt av Stortinget og delvis oppnemnt av Kongen i statsråd, med representasjon frå ålmenta, frå dommarane og frå advokatar. Sjølve administrasjonen skal flyttast bort frå departementet. Grunngevinga for eit større administrativt sjølvstende er særleg at dette står opp om sjølvstendet i dommararbeidet.

Det er gjort nærare greie for fleirtalet sitt forslag i proposisjonen pkt. 7.6.1.

Eit mindretal i Domstolkommisjonen foreslår at den sentrale domstoladministrasjon vert organisert som ein del av Justisdepartementet, men med ei særordning i form av eit eksternt råd. Det vert foreslått oppretta eit innstillingsråd og eit tilsynsråd, som til saman skal utgjere eit uavhengig Domstolråd for departementa. Mindretalet legg vekt på å få ei ordning der den sentrale administrasjonen av domstolane vert lagt inn under ein parlamentarisk og konstitusjonelt ansvarleg statsråd.

Det er gjort nærare greie for mindretalet sitt forslag i proposisjonen pkt. 7.6.2.

7.6 Uttale frå høyringsinstansane

Blant dei domstolane som har avgitt høyringsuttale, er det ei klår overvekt som står den administrasjonsordninga Domstolkommisjonen sitt fleirtal har foreslått, eventuelt med nokre merknader. Det same gjeld m.a. Den norske Advokatforening, Norges Juristforbund og fleirtalet i styret i Den norske Dommerforening. Det vert m.a. peika på at domstolane balanserer forvaltninga si makt og har kontrollfunksjonar i høve til lovgjevinga i Stortinget. Nokre instansar meiner det er uheldig at kommisjonen ikkje har brukt meir tid på å utgreie eventuelle mellomløyningar.

Dei som sluttar seg til mindretalet si tilråding, legg m.a. vekt på at det at domstolane er uavhengige i si dømmende verksemd, er vel innarbeidd i Justisdepartementet og at etablering av nye organ fører til auka utgifter. Dette gjeld m.a. Etatsansattes landsforbund (nå 2fo), Landsorganisasjonen og Regjeringsadvokaten. Sistnemnde viser m.a. til at om fleirtalet sitt forslag blir gjennomført, vil dei personane som er oppnemnde til å sitje i styret få eit ansvar for utviklinga i domstolane som er av personleg karakter og utan politisk kontroll.

Blant dei andre høyringsinstansane, m.a. fylkesmennene, politimeistrane og departementa, er meininingane delte.

7.7 Trongen for reform

Som grunngeving for Justisdepartementet sitt forslag til endring vert det m.a. peika på samanhangen med omorganiseringa av resten av justisforvaltninga, ønskje om klårare skilje mellom domstolane og departementa, og at den løysinga som er tilrådd av fleirtalet i Domstolkommisjonen har fått tilslutning av dei fleste høyringsinstansane.

Justisdepartementet ser det som uaktuelt å føre vidare den ordninga vi har i dag utan endring, og ser det heller ikkje som godt nok å følgje mindretalet sitt forslag. På den andre sida gjev fleirtalet sitt forslag ei for vidtgåande fristilling.

Merknader frå komiteen

Komiteen seier seg samd med Regjeringa i at det er trong for eit klårare skilje mellom domstolane og Justisdepartementet, ikkje minst med den omorganiseringa som har vore gjennomført av den øvrige justisforvaltninga. Komiteen har merka seg at det er eit fleirtal i Domstolkommisjonen og i høyringsinstansane som sluttar seg til forslaget.

Komiteen vil òg understreke at trongen for ein ny struktur eller reform på området også vert forsterka av generelle utviklingstrekk ein kan sjå i ei rekkje andre land.

7.8 Justisdepartementet sitt forslag til framtidig ansvarsdeling og rammevilkår for den sentrale domstoladministrasjonen

Ein tradisjonell direktoratsmodell vil etter departementet si vurdering ikkje gje ei slik markering av domstolane si statsrettlege stilling som er naturleg når ein skal gjennomføre ein reform på dette området.

Justisdepartementet foreslår at departementet i framtida ikkje skal ha alminneleg instruksjonsrett over domstolane i administrative spørsmål. Gjennom handsaminga av budsjettproposisjonen i Stortinget vert det gjeve sentralt fastsette retningslinjer for domstoladministrasjonen, og styring av domstoladministrasjonen skjer elles ved lov, føresegner eller plenarvedtak i Stortinget på vanleg måte. Regjeringa skal ved kongeleg resolusjon kunne instruere domstoladministrasjonen i høve til administrative einskildsaker.

Dei einskilde elementa i forslaget vert nærare omtalt i proposisjonen pkt. 7.10.3 - 7.10.9. Eit viktig element i modellen er at det vert oppnemnt eit styre for domstoladministrasjonen.

Justisdepartementet har vurdert om ein bør regelfeste ei plikt for domstoladministrasjonen til å leggje fram, eventuelt orientere om særleg viktige saker for Justisdepartementet, men foreslår ikkje slike reglar.

Forvaltningsrevisjonen av domstolane som Riksrevisjonen utfører, vil gje Stortinget høve til ein effektiv etterfølgjande kontroll overfor verksemda i domstolane, og er ein viktig føresetnad for å etablere ein eigen domstoladministrasjon med ein så avgrensa instruksjonsrett frå den utøvande makt som foreslått.

Justisdepartementet legg til grunn at lov om offentleg innsyn bør gjelde for dei vesentlege delane av domstoladministrasjonen si verksemd. Styret sine vedtak om administrasjon av domstolane, inkludert dissensar, vil vere offentlege med mindre vedtaket går inn under andre unntaksreglar, for eksempel på grunn av innhaldet i vedtaket.

Fleirtalet i Domstolkommisjonen har foreslått at skriftlege styrevedtak som er retta inn til administrasjonen skal vere offentlege. Ein slik unntaksfri rett til innsyn vil etter departementet si vurdering lett kunne få uheldige konsekvensar, og departementet går ikkje inn for ei slik ordning.

Merknader frå komiteen

Komiteen er samd i at domstolane si framtidige stilling må markerast slik at samspelet og sjølvstendet kan regulerast gjennom dei opptrekte fire hovudprinsippa:

- «1. Justisdepartementet skal ikkje i fremtiden ha alminnelig instruksjonsmyndighet over domstolene i administrative spørsmål.
2. Gjennom Stortingets behandling av budsjettproposisjonen gis sentralt fastsatte retningslinjer for de ansvarsområder som er lagt til domstoladministrasjonen.
3. Styring av domstoladministrasjonen skjer ved lov, forskrift eller plenarvedtak i Stortinget på vanlig måte etter forslag fra regjeringen.
4. Regjeringen skal ved kongelig resolusjon kunne instruere domstoladministrasjonen i forhold til administrative enkeltsaker.»

Komiteen er vidare samd i at eit viktig element i modellen for ansvarsdelinga er at det vert nemnt opp eit styre for domstoladministrasjonen og at forvaltningsrevisjonen av domstoladministrasjonen vil gje Stortinget tilfredsstillande høve til kontroll utan at det er trong for å regelfeste ei plikt om å leggje fram for eller orientere Justisdepartementet i viktige saker.

Komiteen vil understreke at det er viktig for domstoladministrasjonen å nytte seg av prinsippet om offentleg innsyn.

7.9 Etablering av eit styre for domstoladministrasjonen

Justisdepartementet foreslår at ein vel ein modell med eit styre for domstoladministrasjonen med sjølvstendig ansvar. Styret skal setjast saman av to representantar for ålmenta, to advokatar frå privat eller offentlig sektor, og tre dommarar, likevel slik at det kan nemnast opp ein annan særleg kvalifisert representant for domstolane i staden for ein av dommarane. Dei to representantane for ålmenta skal veljast av Stortinget, og dei andre styremedlemene skal nemnast opp av regjeringa. Oppnemningsperioden bør vere fire år, med høve til gjenoppnemning/gjenval ein gong.

Fleirtalet i Domstolkommisjonen har foreslått at styret vert sett saman av dei same personane som skal sitje i Innstillingsrådet for dommerutnemningar. Både arbeidet i styret og i Innstillingsrådet vil kunne bli relativt tidkrevjande og det er trong for ulik kompetanse i desse organa. Justisdepartementet foreslår derfor at ein oppnemner ulike personar til styret og til Innstillingsrådet.

Når det gjeld oppnemninga av dommar- og advokatrepresentantane i styret, kan det være aktuelt å motta forslag frå domstolane, Den norske Dommerforening eller andre organisasjonar som representerer dei aktuelle gruppene. Regjeringa står uansett fritt i sitt val av personar til styret.

Justisdepartementet er einig med fleirtalet i Domstolkommisjonen i at Kongen i statsråd bør ha rett til å gje styret avskil dersom det ikkje følgjer opp kritikk frå Riksrevisjonen. Etter departementet sitt syn må ein også kunne reagere med avskil dersom styret ikkje følgjer opp retningslinjer eller vedtak gjevne av Kongen i statsråd, dersom styret ikkje følgjer det regelverket som gjeld for Domstoladministrasjonen eller gjer vedtak i strid med lovverket. Oppnemning av einskildmedlemmer kan trekkjast attende dersom eit medlem ikkje er i stand til å utføre vervet på ein forsvarleg måte. Departementet er vidare einig i at desse reglane bør lovfestast. Regjeringa må orientere Stortinget omgåande dersom dei gjev styret avskil.

Styret kan fastsetje instruks for domstoladministrasjonen, og bør handsame større eller prinsipielle saker. Styret tilset direktør for domstoladministrasjonen, og er elles øvste tilsettingsmakt. Direktørstillinga bør vere ei åremålsstilling.

Merknader frå komiteen

Komiteen er samd i at det vert valt ein modell med eit styre for domstoladministrasjonen med eit sjølvstendig ansvar, der styret vert samansett av to representantar for ålmenta, to advokater frå privat eller offentleg sektor, og tre dommarar, men slik at det kan nemnast opp ein anna særleg kvalifisert representant for domstolane i staden for ein av dommarane. Oppnemningsperioden bør vere på fire år, med rett til reoppnemning ein gong.

Komiteen er samd med Regjeringa i at styret ikkje skal sitje i Innstillingsrådet for dommarutnemningar.

Komiteen er vidare samd i at Kongen i statsråd skal ha høve til å gje styret avskil dersom det ikkje følgjer opp kritikk frå Riksrevisjonen og det må også kunne reagerast med avsetjing dersom styret kan klandrast for ikkje å følgje opp retningslinjer eller vedtak gitt av Kongen i statsråd eller anna lovgjeving. Komiteen er vidare samd i at Kongens og Stortingets mynde bør lovfestas, jf. domstolova § 33 a tredje og fjerde leddet.

Regjeringa bør orientere Stortinget straks dersom dei avsett styret.

Komiteen er vidare samd i at styret kan fastsetje instruks for direktør og dei øvrige tilsette i domstoladministrasjonen, og gjere vedtak om kva saker som må leggjast fram for eller vedtakast i styret. Alle større prinsipielle saker bør leggjast fram for styret. Styret tilset direktør for domstoladministrasjonen og er den øvste tilsettingsmakta. Direktørstillinga bør vere ei åremålsstilling.

Komiteen syner til at arbeidet med klage- og disiplinærspørsmål for dommarar skal overførast til Tilsynsutvalet for dommarar.

Fleirtalet i komiteen, alle unntatt medlemmen frå Framstegspartiet og representanten Jørn L. Stang, går inn for at dei to styrerepresentantane for ålmenta vert å velje av Stortinget og dei andre av regjeringa.

Komiteens medlem fra Framskrittspartiet og representanten Jørn L. Stang mener at det ikke er en selvfølge at regjeringen skal stå for utnevningen av de 3 dommerne i styret. Disse medlemmer finner det mer naturlig at utnevnelsen av dommere foretas av domstolene selv, og mener at Høyesterett er den naturlige nasjonale ivaretager av dette. Disse medlemmer foreslår derfor at 3 dommere utnevnes av Høyesterett, og ikke av regjeringen.

Disse medlemmer fremmer forslag om endring av domstoloven §33a i samsvar med dette.

7.10 Framtidig deling av arbeidsoppgåver

Domstoladministrasjonen skal ha ansvar for å utarbeide budsjettforslag for sin eigen og domstolane si verksemd. Forslaget skal kunne omarbeidast under regjeringa sitt budsjettarbeid.

Fleirtalet i Domstolkommisjonen har foreslått lovfesta at Stortinget skal gjerast kjent med budsjettframlegget frå domstoladministrasjonen. Departementet går ikkje inn for dette. Det er likevel ikkje til hinder for at domstoladministrasjonen sjølv sender sitt budsjettframlegg til Stortinget.

Gjennom handsaminga av budsjettproposisjonen i Stortinget, vil det bli gjevne årlege retningslinjer for arbeidet i domstoladministrasjonen. Dersom det unntaksvis skulle vere turvande å gripe inn i mellomperioden, må regjeringa gjere bruk av sin instruksjonsrett eller fremme eige forslag overfor Stortinget.

Ein har allereie i dag etablert eigne organ som har eit hovudansvar for opplæringstiltak; m.a. Etterutdanningsrådet for dommere og Opplæringsrådet for funksjonærer i domstolene. Desse bør i framtida rapportere til og motta retningslinjer frå domstoladministrasjonen.

Arbeidet med lokalar, rekneskap, budsjettildeling og budsjettoppfølging overfor domstolane bør overtakast av den nye domstoladministrasjonen. Det same gjeld arbeidet med personalforvaltning, og sentralt utviklingsarbeid andsynes domstolane.

Spørsmålet om kva for forvaltningsoppgåver som skal bli verande i domstolane, er handsama i St.meld. nr. 23 (2000-2001) Førsteinstansdomstolene i fremtiden. Justisdepartementet har foreslått at tinglysings-

oppgåvene vert overførde frå herads- og byrettane til Statens kartverk.

Merknader frå komiteen

Komiteen er samd i at domstoladministrasjonen skal ha ansvar for å utarbeide eige budsjettforslag for domstolane si verksemd. Budsjettforslaget vert å arbeide vidare med under regjeringa sitt budsjettarbeid, og vert ein del av regjeringa sitt samla budsjettforslag til Stortinget. Gjennom Stortingets handsaming av budsjettproposisjonen vert det høve for Stortinget til å gje årlege retningslinjer for domstoladministrasjonen sitt arbeid.

Komiteen vil peike på at arbeidet med lokaler, rekneskap, budsjettildeling og budsjettoppfølging overfor domstolane er naturlege arbeidsoppgåver for domstoladministrasjonen. Dagleg utviklingsarbeid overfor domstolane bør òg liggje til den nye domstoladministrasjonen. Det bør vurderast om Etterutdanningsrådet for dommarar og Opplæringsrådet for funksjonærar i domstolane, Fagbokutvalet og Studiepermisjonsutvalet kan slåast saman og arbeide under retningslinjer frå domstoladministrasjonen og rapportere til den same.

7.11 Framtidig organisering av IT-arbeidet i domstoladministrasjonen

Det vil bli vurdert nærare å etablere ein større grad av samarbeid eller fellesskap innafor IT-området i justissektoren. I den samanhangen vil det òg måtte vurderast om delar av RIFT bør overførast til ein slik fellesfunksjon, saman med heile eller delar av Politiets Datatjeneste og KITT (Kriminalomsorgens IT-tjeneste).

Dei delane av RIFT som ikkje utfører IT-relatert arbeid, i første rekkje rekneskapsføreininga og seksjonen for etterutdanning i domstolane, vert flytta og samlokalisert med den nye domstoladministrasjonen.

Merknader frå komiteen

Komiteen har merka seg at departementet vil vurdere nærare å etablere større grad av samarbeid eller fellesskap innafor IT-området i justissektoren. Komiteen vil understreke at i eit så stort og spesialisert arbeidsområde som foregår ved domstolane treng ein bygge opp IT-kompetanse nær domstoladministrasjonen, før ein vurderer å slå alle desse justisrelaterte områda saman. For å få ein slagkraftig sentraladministrasjon bør det vurderast å samle IT-relatert arbeid, rekneskapsførsel, personal og etterutdanning i domstolane til den nye domstoladministrasjonen.

7.12 Tekniske justeringar i lovverket

Som følgje av etableringa av ei sentral domstoladministrativ eining utanfor Justisdepartementet, er det naudsynt å gjere ein del lovendringar, særleg i domstoloven.

7.13 Administrative og økonomiske konsekvensar

Dersom den sentrale domstoladministrasjonen vert flytta ut av Justisdepartementet, må det vurderast nærare kva for namn verksemda skal ha.

Sjølv om det dreier seg om ei omorganisering og samanslåing av to eksisterande organisasjonar (RIFT og Domstolavdelinga), ser Justisdepartementet det som ønskjeleg at lokalisering skjer utanfor Oslo-området. Departementet har m.a. lagt vekt på rekrutteringsomsyn, og foreslår ei lokalisering i Trondheim.

Ein reknar med at stillingstrongen til den nye domstoladministrasjonen vert dekt ved overføring frå Justisdepartementet og RIFT. Stilling som direktør, eventuelt òg på neste leiarnivå, skal lysast ledig med offentleg konkurranse. Det vil bli lagt særleg vekt på å ta i bruk moderne teknologi for å redusere reiseutgiftene mellom Trondheim og Oslo-området.

Ein viser elles til pkt. 12 nedanfor.

Merknader frå komiteen

Komiteen viser til at kapasitetstrongen til den nye domstoladministrasjonen vert vurdert til om lag 65 årsverk. Stillingstrongen vert dekkja ved overføring frå Justisdepartementet og RIFT. Stillinga som direktør og nestleiar bør lysast ut med offentleg konkurranse. Dei som arbeider i Justisdepartementet og RIFT og vert råka av denne omorganiseringa, må få tilbod om arbeid i den nye domstolorganisasjonen.

Komiteen vil peike på at skal ein få ut den ønska gevinsten, må det løyvast tilstrekkeleg med midlar for å få den nye organisasjonsstrukturen som her er skissert til å fungere.

Fleirtalet i komiteen, alle unntatt medlemmen frå Framstegspartiet og representanten Jørn L. Stang, er samd med Regjeringa i å flytte ut den sentrale domstoladministrasjonen frå Justisdepartementet og lokalisere den til Trondheim.

Komiteens medlem fra Framskrittspartiet og representanten Jørn L. Stang mener at det er et viktig poeng at en uavhengig domstoladministrasjon ikke samlokaliseres med Justisdepartementet. Det vil redusere uavhengigheten.

Disse medlemmer finner det derimot ikke nødvendig å legge domstoladministrasjonen til Trondheim. Det er etter disse medlemmers vurdering intet som tilsier at Trondheim har noe faglig miljø som skulle tilsi en lokalisering til Trondheim

fremfor Oslo. Høyesterett har sitt tilholdssted i Oslo, og den faglige utdanning innen det juridiske felt foregår i Oslo, Bergen og Tromsø. Disse medlemmer viser også til at Regjeringen regner med at det vil medføre 23 mill. kroner i omstillingskostnader å etablere domstoladministrasjonen i Trondheim, fordi en vil få overlappende bemanning i en ikke definert tidsperiode, og økte kostnader forbundet med allerede igangsatte IT-prosjekt. Regjeringen regner i tillegg med en ekstrakostnad på 5 mill. kroner i året grunnet ekstra reisekostnader ved en lokalisering i Trondheim. Disse medlemmer mener derfor at en helhetsvurdering taler for at administrasjonen bør plasseres i Oslo.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber Regjeringen lokalisere den nye domstoladministrasjonen til Oslo.»

8. UTNEMNING AV DOMMARAR

8.1 Samandrag

8.1.1 Dagens organisering av arbeidet med dommarutnemningar

Det er berre Kongen i statsråd som har rett til å utnemne dommarar. Justisdepartementet står for den tekniske sida ved sakshandsaminga.

Med unntak av søknader til dommarstillingar i Høgsterett og konstitusjonar som varar under eitt år, får Det rådgivende organ for dommerutnevnelser alle søknader til vurdering. Organet har tre medlemmer som vert nemnde opp av departementet etter forslag frå høvesvis Den norske Dommerforening, Den Norske Advokatforening og Norges Juristforbund. Organet hentar inn uttaler frå referansepersonar og gjev ei rettleiande tilråding til Justisdepartementet. Tilrådinga er ikkje offentleg. Vurderinga i departementet skjer parallelt med denne handsaminga. Det vert lagt vesentleg vekt på domstolane si vurdering av søkjarane.

Når det gjeld utnemning av høgsterettsdommarar, vert det ikkje henta inn tilråding frå Det rådgivende organ. Justitiarius i Høgsterett gjev ei munnleg uttale til justisministeren etter samråd med dei andre dommarane i Høgsterett.

8.1.2 Oversyn over utnemningspraksis

Domstolloven set opp nokre krav som dommarar må oppfylle, m.a. om norsk statsborgarskap og ein viss minstealder.

I Noreg har det tradisjonelt vore eit grunnleggjande krav til dommarrekrutteringa at dommarkorpset skal spegle ein breiast mogleg juridisk yrkesmessig bakgrunn. Det er òg brei semje om at det må stillast særlege krav til dommarane sin personlege integritet.

Talet på kvinner i dommarkorpset har auka jamnt og er i dag på ca. 22 pst. Talet på advokatar blant nyutnemnde dommarar har gått monaleg opp på 1990-talet.

8.1.3 Dommarutnemningar i andre land

I dei landa det er mest naturleg å samanlikne seg med, dominerer utnemningsordningar der statsleiaren står for utnemninga etter ei eller anna form for forslag eller innstilling frå eit breitt samansett organ. Desse organa kan grovt sett delast i to kategoriar; dei meir frittstående, uavhengige organa - ofte med sterkt innslag av dommarar, og organ som representerer samfunnet, der òg den utøvande makt tek del.

I proposisjonen pkt. 8.4 vert utnemningsordningar i Norden og nokre andre land gjennomgått.

8.1.4 Forslaga frå Domstolkommisjonen

Ein samrøystes Domstolkommisjon har foreslått etablert eit breitt samansett innstillingsorgan med sju medlemmer; to medlemmer som ålmenta sine representantar, tre dommarar og to juristar utanfor domstolane med brei kontaktflate. Kommisjonen foreslår at ålmenta sine representantar blir valde av Stortinget, medan dommarrepresentantane og dei to juristrepresentantane vert oppnemnde av Kongen i statsråd. Funksjonsperioden er fire år, med mogleg gjenoppnemning for éin periode. Sekretariatsfunksjonen vert lagt til den sentrale domstoladministrasjonen. Fleirtalet i kommisjonen går inn for at styret i domstoladministrasjonen òg skal vere innstillingsråd.

Regjeringa vel fritt mellom dei innstilte, men skal òg ha høve til å gå utover krinsen av innstilte dersom saka først vert sendt attende til innstillingsorganet med oppmoding om at organet gjev ei vurdering av den aktuelle søkjaren. Dersom denne søkjaren framleis ikkje vert innstilt, skal regjeringa likevel kunne utnemne vedkomande. Innstillingsorganet skal innstille tre søkjarar dersom det er tre kvalifiserte.

Domstolkommisjonen har òg foreslått at innsynsretten vert gjort noko meir omfattande enn det som følgjer av dagens reglar, ved at den utvida søkjarlista vert offentleg, og ved at innstillingsorganet si innstilling, men ikkje grunngjeving, vert offentleg tilgjengeleg.

Innstillingsorganet sitt ansvarsområde bør òg omfatte høgsterettsdommarar, men Høgsterett bør framleis gje uttale før utnemning av slike dommarar. Stillinga som justitiarius i Høgsterett bør falle utanfor innstillingsorganet sitt ansvarsområde.

Etter Domstolkommisjonen si vurdering er det ikkje turvande med ei endring av Grunnloven for å gjennomføre forslaget. Kommisjonen har likevel utarbeidd ei skisse til endring av Grunnloven § 21 i tilfelle dei politiske styresmaktene har ei anna meining om dette.

8.1.5 Høyringsinstansane sine vurderingar

Det er brei oppslutning blant høyringsinstansane om forslaga frå Domstolkommisjonen. Nokre høyringsinstansar er likevel skeptiske til forslaget frå fleirtalet om å kombinere styreverva i ein ny sentral domstoladministrasjon med deltaking i innstillingsorganet. Den Norske Advokatforening meiner det bør vurderast å innføre særlege reglar for utnemning av alle høgsterettsdommarane, medan Høgsterett har gitt tilslutning til forslaget frå Domstolkommisjonen.

8.1.6 Hovudomsyn ved dommarutnemningar

Justisdepartementet held fram at utnemningar av dommarar bør skje på bakgrunn av ønskje om ein demokratisk utnemningsprosess, omsynet til uavhengige domstolar, omsynet til fagleg kvalitet og personlege eigenskapar, omsynet til tilliten til domstolane og omsynet til tillit hjå potensielle søkjarar.

Moglege løysingsalternativ for dommarutnemningar kan vere: vidareføring av dagens ordning, Stortinget eller eit frittstående organ står for utnemninga, det vert etablert eit tilsettingsorgan etter tenestemannsloven sitt system der tillitsmannsapparatet har ei sentral stilling, eller ei ordning med eit frittstående innstillingsråd og utnemning i statsråd.

8.1.7 Justisdepartementet sine vurderingar og forslag

Justisdepartementet er einig i at det vert etablert eit nytt Innstillingsråd for dommarar. Kompetansen til å utnemne dommarar skal framleis liggje hjå Kongen i statsråd, etter at sakene er undergitt ei svært avgrensa prøving i Justisdepartementet.

Det er naturleg å lovfeste hovudprinsippa for ei slik nyordning. Kongen kan gje føresegner om dei meir detaljerte sakshandsamingsreglane. Sekretariatet bør vere ein del av den sentrale domstoladministrasjonen, men òg medlemene i Innstillingsrådet skal delta i arbeidet med førebuinga av sakene.

Justisdepartementet er einig i at Innstillingsrådet skal ha sju medlemmer, der fem er juristar. Departementet ser det òg som ønskjeleg at rådet har tre dommarrepresentantar, men ikkje nødvendigvis frå alle tre rettsinstansar.

Fleirtalet i Domstolkommisjonen ønskjer at dei to juristmedlemene båe skal vere advokatar, medan mindretallet ønskjer at dei skal vere frå høvesvis privat og offentleg sektor. Justisdepartementet er einig med mindretallet.

I motsetning til utvalet meiner Justisdepartementet at Kongen i statsråd på fritt grunnlag bør oppnemne alle medlemmer i Innstillingsrådet. Departementet er ikkje samd med fleirtalet i kommisjonen som vil at styret for domstoladministrasjonen òg skal vere innstillingsråd. Oppnemningsperioden vert sett til fire år. Det kan vere aktuelt å motta forslag frå domstolane,

Den norske Dommerforeningen eller andre organisasjonar som organiserer dei aktuelle yrkesgruppene.

Kongen i statsråd kan trekkje attende ei oppnemning dersom vedkomande medlem ikkje er i stand til eller villig til å utføre vervet på ein forsvarleg måte. Dette prinsippet vert lovfesta.

I forslaget frå Domstolkommisjonen er ikkje domstolleiar tillagt nokon annan rolle enn å gje ei skriftleg uttale. Ei rekkje domstolleiarar har i sine høyringsuttaler understreka verdien av at dei får delta aktivt i samband med intervju mv., og Justisdepartementet er einig i dette.

Departementet sluttar seg til forslaget til prinsipp for sakshandsaminga, inkludert framgangsmåten der regjeringa vurderer å utnemne ein annan søkjar enn dei innstilte.

Justisdepartementet viser til at lov om offentlig innsyn nyleg er endra slik at ein kan unnta opplysningar om ein søkjar frå offentlig innsyn dersom søkjaren sjølv ber om det. Departementet er elles einig i at namn og rangering av søkjarane som blir innstilte skal vere offentlig tilgjengeleg, men ikkje Innstillingsrådet si grunngeving.

Domstolkommisjonen har foreslått at Innstillingsrådet skal gje innstilling i utnemningssaker og i dei fleste saker om lengre konstitusjonar og fatte endeleg avgjerd om kortare konstitusjonar og konstitusjonar som kjem i tillegg til fast dommarstilling. Nokre høyringsinstansar ottast for om Innstillingsrådet vil vere i stand til raskt nok å handsame dei kortare konstitusjonane. Justisdepartementet viser til at dei heilt kortvarige dommarkonstitusjonane i dag vert handsama av fylkesmennene etter oppmoding frå domstolleiaren. I framtida bør slike avgjerder treffast av domstolleiaren sjølv.

Innstillingsrådet sitt ansvarsområde skal òg omfatte stillingar som dommar i Høgsterett (unntatt konstitusjonar). Når det gjeld stillinga som justitiarius i Høgsterett, bør regjeringa stå noko friare enn i høve til andre dommarutnemningar. Det er derfor ikkje naturleg at denne stillinga vert handsama av Innstillingsrådet.

Departementet meiner at dei foreslåtte avgrensingane i Kongen si frie utnemning av dommarar ikkje kjem i konflikt med Grunnlova § 21.

8.1.8 Administrative og økonomiske konsekvensar

Reelle meirutgifter ved etableringa av den nye ordninga for dommarutnemningar vil vere ca. kr 500 000 pr. år.

8.2 Merknader frå komiteen

Komiteen er samd i at det vert etablert eit nytt Innstillingsråd for dommarar. Kompetansen til å nemne opp dommarar skal liggje til Kongen i statsråd, etter at sakene er gitt ei avgrensa prøving i Justisdepartementet.

temetet. Komiteen ser det som naturleg at det er grunn til å lovfeste hovudprinsippa for ei slik nyordning. Kongen kan gje føresegner om dei meir detaljerte sakshandsamingsreglane. Sekretariatet skal vere ein del av den nye domstoladministrasjonen, der også medlemene i Innstillingsrådet skal delta i arbeidet med førebuinga av sakene.

Komiteen er vidare samd i at rådet skal ha sju medlemmer, der fem er juristar. Lengda på oppnemningsperioden bør vere fire år. Komiteen er samd med Domstolkommisjonen og Regjeringa i at Innstillingsrådet skal ha tre funksjonar: Innstilling i utnemningssaker og i dei fleste saker om konstitusjon lenger enn eit år, endeleg avgjerd i konstitusjonar inntil eit år, samt alle konstitusjonar som vert gjeve i tillegg til fast dommarstilling. Kortvarige dommarkonstitusjonar vert å avgjere av domstolleiaren i tråd med departementet sitt syn.

Komiteen ser det som rett at ansvarsområdet for Innstillingsrådet òg skal omfatte stillingar som dommar i Høgsterett, men ikkje konstitusjonar. Høgsterett skal ha rett til å uttale seg før oppnemning, men etter at Innstillingsrådet si innstilling er gjort kjent for dei.

Komiteen er vidare samd med Regjeringa i at når det gjeld stillinga som justitiarius i Høgsterett, skal ein kunne stå friare enn i høve til andre dommarutnemningar, og det er difor ikkje naturleg at denne stillinga vert handsama av Innstillingsrådet.

Komiteen har merka seg at Justisdepartementet meiner at dei føreslegne avgrensingane i Kongen sitt frie val av dommarar ikkje vil kome i konflikt med Grunnlova § 21.

Fleirtalet i komiteen, alle unntatt medlemmen frå Framstegspartiet og representanten Jørn L. Stang, er samd i at det er Kongen i statsråd som på fritt grunnlag nemner opp alle medlemene til Innstillingsrådet.

Komiteens medlem fra Fremskrittspartiet og representanten Jørn L. Stang mener at innstillingsutvalget bør oppnevnes etter de samme prinsipper som legges til grunn for oppnevningen av styret for domstoladministrasjonen, hvilket vil si at 3 dommere utnevnes av Høyesterett, 2 jurister av regjeringen og de 2 øvrige representantene i utvalget oppnevnes av Stortinget. Disse medlemmer er imidlertid enig med departementet i at Innstillingsrådet og styret for domstoladministrasjonen bør være to forskjellige organer.

Disse medlemmer fremmer forslag til endring i domstolloven § 55 a i tråd med dette.

Disse medlemmer viser for øvrig til sine merknader under pkt. 6.

9. MELLOMBELSE DOMMARAR

9.1 Samandrag

9.1.1 Innleiing

I dag er det ei rekkje ordningar med mellombelse dommarar. Stortinget har fleire gonger peika på problema ved bruk av konstituerte dommarar.

9.1.2 Reglane for bruk av mellombelse dommarar

Konstitusjon av vikarar kan skje m.a. når dommarstillingar er ledige, når det ligg føre omorganiseringsplanar eller når det oppstår ein tidsavgrensa trong for ekstra dommarkapasitet.

Det stillingsvernet utnemnde dommarar har etter Grunnloven § 22 gjeld og dommarar som vert konstituerte i statsråd. Dommarar som vert konstituerte ved departementsavgjerd er derimot underlagde dei same oppseiings- og avskilsreglar som ordinære statstenestemenn.

Departementet konstituerer gjennomsnittleg 15-20 dommarar pr. år, og det vart gjennomsnittleg konstituert 17 dommarar pr. år av Kongen i statsråd i perioden 1990 til 1998.

Bruken av dommarfullmektigar har lang tradisjon i Noreg. Normal tenestetid er to år, men den kan lengjast til tre år. Dommarfullmektigane sin funksjon og makt er med nokre avgrensingar formelt likestilt med embetsdommarar. Departementet har fleire gonger åtvart mot å gje for omfattande og krevjande dømmende oppgåver til dommarfullmektigar med avgrensa erfaring. Dommarfullmektigane utgjorde ved årsskiftet 1999/2000 ca. 34 pst. av alle dømmende stillingar i første instans.

Justisdepartementet har i ei årrekkje oppnemnt pensjonerte juristar, først og fremst pensjonerte dommarar, til å gjere teneste som ekstraordinære lagdommarar. I 1999 utførte desse 16,8 pst. av rettstimane i lagmannsretten, medan 19 pst. vart utført av herads- og byrettsdommarar som vart tilkalla til teneste i lagmannsrett.

9.1.3 Bruken av mellombelse dommarar i andre land

Mellombelse dommarar har vore brukt i stor utstrekning i Danmark, og ein søker no å avgrense bruken. I Finland og Sverige har rekrutteringa til domstolane i svært stor grad vore intern. Mellombelse dommarar vert m.a. nytta som vikarar, eventuelt ut over oppnådd alderspensjon.

Praksis i Norden og einskilde andre land vert referert i proposisjonen, jf. pkt. 9.3.

9.1.4 Domstolkommisjonen sitt forslag

Domstolkommisjonen foreslår at ein, før ein går til konstitusjon av personar utanfor domstolane, undersøker om det er mogleg å utnytte kapasitet ved andre domstolar. Vidare vert det foreslått å opprette faste dommarstillingar felles for fleire domstolar innanfor same instans, der dommaren fast held til ved éin domstol. Endeleg har kommisjonen foreslått at det vert prøvd ut ei ordning der det vert oppretta nokre nye, faste dommarstillingar ved nokre store domstolar, utover det talet på dommarar som domstolane sine eigne saker gjev grunnlag for. Domstolen skal ha plikt til å avgje desse dommarane til å handsame saker ved sideordna domstol i regionen svarande til eit visst vekeverk pr. år.

Faste dommarar som vert utnemnde med flytteplikt kan setjast inn ved dei domstolane som til ein kvar tid har mest å gjere. Kommisjonen meiner dette òg kan prøvast ut, til tross for at ein trur det vil vere liten interesse for stillingane.

Ved ein settedommarkonstitusjon grip Kongen, Justisdepartementet eller fylkesmannen inn i domstolane si saksfordeling og fastset kven som skal avgjere ei konkret sak. Domstolkommisjonen finn dette prinsipielt uheldig, og meiner settedommartrongen kan løysast utan at eit organ utanfor domstolane tek stilling til saksfordelinga.

Høgsterettsdommarar bør framleis konstituerast i statsråd etter forslag sett fram av Høgsterett.

Dommarfullmektigar må gjevast det same stillingsvernet som konstituerte dommarar og kome inn under dei same reglane om disiplinærordning og sidegjermål. Kommisjonen foreslår at dommarfullmektigar skal tilsetjast med same tenestetid som i dag av eit lokalt tilsetjingsråd for domstolane. Særordninga med at ein etter dommarfullmektigtida kan få ny dommarfullmektigstilling ved store byrettar, vert fjerna. Det bør ikkje vere fleire dommarfullmektigar enn faste dommarar ved nokon domstol.

Domstolkommisjonen har foreslått å avskaffe ordninga med at departementet oppnemner pensjonerte dommarar som ekstraordinære lagdommarar. Kommisjonen foreslår vidare at berre éin av dei tre dommarane i lagmannsretten kan vere ein tilkalla dommar. I dag er dette lovfesta for sivile saker, men avgrensinga bør gjelde generelt.

Domstolkommisjonen har i si lovskisse òg foreslått etablert eit utvida stillingsvern for alle dommarar.

9.1.5 Høyringsinstansane sitt syn

Fleire høyringsinstansar gjev uttrykk for at det prinsipielle utgangspunktet bør vere at dømmande avgjerder vert trefte av fast utnemnde embetsdommarar og at kvar einskild domstol sjølv dekkjer sin trong for arbeidskraft. Unntaka bør grunngjevast i praktiske be-

hov, og bruken av mellombelse dommarar bør reduserast.

Det er elles ulike kommentarar til dei einskilde delane av Domstolkommisjonens forslag.

9.1.6 Justisdepartementet sine vurderingar og forslag

Departementet sitt forslag vert oppsummert slik:

1. Konstitusjonar.

1.1 Retten til å konstituere dommarar som vikar held fram. Dersom det er mogleg, bør ein nytte dommarar felles for fleire domstolar eller bistand frå annan domstol. Det skal ikkje kunne konstituerast vikar til å handsame ein eller fleire konkret fastsette saker.

1.2 Ein vil framleis kunne konstituere dommarar som ekstrahjelp, men berre som subsidiær løysing etter at domstolleiar og domstoladministrasjon har vurdert om trongen kan dekkjast ved dommar felles for fleire domstolar eller bistand frå annan domstol. Ein skal ikkje kunne vedta ekstrahjelpkonstitusjon til å handsame ei eller fleire konkret fastsette saker.

1.3 Retten til å konstituere dommar på grunn av omorganisierungsplanar held fram.

1.4 Det vert gjennomført forsøk med oppretting av faste dommarstillingar felles for fleire domstolar innan same instans, der dommaren har sitt faste tilhald ved ein domstol.

1.5 Det vert gjennomført forsøk med øyremerkning av nokre nye faste dommarstillingar ved einskilte store domstolar, utover det talet på dommarar som domstolane sine eigne saker gjev grunnlag for. Domstolen skal ha plikt til å avgje dommarar til handsaming av saker ved andre domstolar i regionen tilsvarende eit visst vekeverk pr. år.

2. Det skal ikkje vere fleire dommarfullmektigar enn faste dommarar ved nokon domstol. Det vert foreslått oppretta nokre dommarstillingar til dei ca. 20 domstolane som i dag ikkje tilfredsstiller dette kravet til erstatning for eit tilsvarende tal på dommarfullmektigar. Meir systematiske opplæringsiltak og meir systematisk siling av kva for saker som vert tildelte dommarfullmektigar mv. bør finne stad.

3. Det vert lovfesta at det berre kan delta éin tilkalla eller ekstraordinær dommar ved handsaming av saker i lagmannsrett.

4. Alle mellombelse dommarar vert sikra det same utvida stillingsvernet for dommarar, jf. Grunnlova § 22 andre leddet.

9.1.7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Ein lengre opplæringsperiode utan dømmande verksemd vil gjere at det for kvart dommarfullmektigårsverk gjennomsnittleg vil bli avgjort noko færre saker. Forslaget om at det ikkje bør vere fleire dommarfullmektigstillingar enn dommarstillingar ved nokon herads- eller byrett gjer at ca. 20 dommarfullmek-

tigstillingar må gjerast om til dommarstillingar. Meir-kostnaden ved desse endringane vil utgjere ca. kr 6 600 000 pr. år.

Departementet trur det er trong for 5-8 lagdommarstillingar for å kompensere for avgrensinga i bruk av tilkalla dommarar og ekstraordinære dommarar. Dette vil gje ein samla årleg kostnad på ca. 3 000 000-5 000 000 kroner.

9.2 Merknader frå komiteen

Komiteen er samd med Regjeringa i at retten til å konstituere dommarar som vikar, som ekstrahjelp, eller på grunn av omorganiseringar planar vert haldne ved lag. Likeeins er komiteen samd i at det bør gjennomførast forsøk med oppretting av faste dommarstillingar felles for fleire domstolar innan same instans, der dommaren har fast tilhald ved ein domstol, og at det vert gjort forsøk med øyemerking av eit viss tal nye faste dommarstillingar ved nokre store domstolar, utover det tal dommarar som domstolen sine eigne saker gjev grunnlag for.

Komiteen er samd i prinsippet om at det ikkje skal vere fleire dommarfullmektigar enn det er faste dommarar ved nokon domstol.

Komiteen har heller ingen merknad til at det vert lovfesta ei avgrensing av ordningane med at dommarar frå første instans vert tilkalla til teneste i lagmannsrett og med at pensjonerte dommarar vert nemnde opp som ekstraordinære lagdommarar. Det bør berre vere ein tilkalla eller ekstraordinær dommar ved handsaming av den einskilde sak i lagmannsretten. For å kompensere for redusert bruk av tilkalla dommarar og ekstraordinære dommarar må det opprettast eit tilstrekkeleg tal nye lagdommarstillingar. Komiteen er samd i at alle mellombelse dommarar vert sikra det same utvida stillingsvernet som gjeld for faste dommarar, jf. Grunnlova § 22 andre leddet.

10. DOMMARANE SINE SIDEGEREMÅL

10.1 Samandrag

10.1.1 Innleiing

Norske dommarar står relativt fritt til å inneha sidegeremål, og det er berre i ei viss utstrekning gjeve rettslege avgrensingar i form av forbod eller krav om godkjenning. Det gjeld ikkje noko krav om at sidegeremål skal registrerast.

10.1.2 Dagens ordning

Hovudtariffavtala innskrenkar statstilsette sin rett til å inneha lønna sidegeremål, og regelen om dette er òg tatt inn i arbeidsavtalen som er inngått med kvar einskild dommar.

I medhald av domstoloven er det vidare forbod mot at dommarar er advokatar, medlem av forliksrådet, lagrettemedlem eller meddommar. Kombinasjonen skifteforvaltar og overformyndar er og ulovleg.

Høgsterett har utarbeidd «Midlertidige regler om høyesterettsdommeres oppdrag og verv utenfor Høyesterett». I reglane vert det skilt mellom verv som høgsterettsdommarar ikkje må ha, verv som skal føreggjast justitarius og verv som er registreringspliktige. Alle dommarane i Høgsterett deltar i denne frivillige registreringsordninga. Registeret er offentleg.

Domstolkommisjonen har gjennomført ei spørjeundersøking som viste at mange dommarar har sidegeremål. Dommarane sine inntekter er i stor grad knytt til nokre typar av sidegeremål, særleg frå delta-king i statlege styre, råd og utval, frå næringsverksemd og frå anna juridisk verksemd.

I proposisjonen punkt 10.3 vert det gjort greie for internasjonale ordningar og erfaringar frå Danmark og Sverige.

10.1.3 Domstolkommisjonen sitt forslag

Domstolkommisjonen foreslår at det vert innført rettsleg regulering av dommarane sine sidegeremål. Reguleringa vil i hovudsak vere registrering av sidegeremål, ei godkjenningsordning for ein del sidegeremål, og ei viss utviding av dagens forbodsordning.

Dei *forboda* som gjeld i dag, held fram. I tillegg vert det foreslått at ein dommar ikkje skal kunne utøve rettshjelpsverksemd, eller vere medlem av voldgiftsrett etter oppnemning av éin part.

Kommisjonen går vidare inn for at det i større utstrekning enn i dag vert innført reglar om *godkjenning* av sidegeremål og at desse reglane vert lovfesta. Dette gjeld sidegeremål som kan medføre at dommaren meir enn stundom kan verte ugild, som hemmar/sinkar arbeidet i dommarstillinga, sidegeremål i kollegiale forvaltningsorgan der ein må rekne med at organet sine avgjerder kan bli brakt inn for domstolane, sidegeremål i privat eller offentleg næringsverksemd og i private tvisteløysande nemnder, eller oppnemning som medlem av voldgiftsrett.

Tre tilfelle vert foreslått unntatt frå godkjenning. Dette gjeld val eller oppnemning som vert gjort av Stortinget eller av Kongen i statsråd, val som stortingsrepresentant, medlem av Sametinget eller av folkevalde organ i kommunar og fylkeskommunar, og verv i registrerte politiske parti.

Kommisjonen foreslår at ei rekkje av dommarane sine sidegeremål skal *registrerast*. Det same gjeld opplysning om siste stilling før tilsetjing som dommar. Unntatt frå registrering er medlemskap i politiske parti, trussamfunn, interesseorganisasjonar eller i ideelle lag, verv og liknande i ideelle lag som har færre enn 100 medlemmer, samt enkeltstående foredrag og liknande.

Det er dissens i kommisjonen med omsyn til om det skal innførast registreringsordning for medlemskap i ideelle lag der medlemene har særlege plikter overfor kvarandre (brorskap- og søstersamband). Etter mindretalet sitt forslag skal medlemskap eller verv i slike organisasjonar omfattast av registreringsplikta, medan fleirtalet går mot registreringsplikt her.

Vidare foreslår Domstolkommisjonen at investeringar som representerer eigarinteresser i selskap, skal registrerast dersom dei kjem over ei grense som vert fastsett av Kongen.

Ein kvar skal ha rett til å gjere seg kjent med opplysningane i registeret.

10.1.4 Høyringsinstansane sine vurderingar

Det store fleirtalet av domstolar som har avgitt høyringsuttale, stør hovudtrekka i kommisjonen sitt forslag. Den norske Dommerforening er skeptisk til forslaget om at verv i ideelle lag skal registrerast, og fleire er imot kommisjonen sitt forslag om å forby voldgiftsoppdrag etter oppnemning av ein part.

Det er elles ulike syn blant høyringsinstansane på ulike delar av kommisjonen sitt forslag.

10.1.5 Justisdepartementet sine vurderingar og forslag

Innleiing

Som Domstolkommisjonen, meiner Justisdepartementet at *registrering* av sidegjere mål bør vere det viktigaste elementet i den samla reguleringa av dommarane sine sidegjere mål. *Forbod* vert i liten grad foreslått, medan det vert innført ei *godkjenningssordning*.

Datilsynet tilrår i si høyringsuttale at det bør vurderast å lovfeste ein rett til å fråvike registreringsplikta i dei tilfella personvernomsynet veg tyngre enn omsynet til registreringsordninga. Domstolkommisjonen meinte at dette ikkje var noko god løysing, men departementet finn grunn til å opne for eit slikt unntak i spesielle tilfelle, jf. forslaget til ny § 121 k i domstoloven.

Domstolkommisjonen har peika på at dommar-deltaking i SEFO reiser vesentlege prinsipielle problem. Departementet ønskjer å hauste noko meir erfaring med utviklinga i samansetjinga av organet før det eventuelt vert sett i gong eit nytt utgreiingsarbeid på dette området.

Registrering

I utgangspunktet skal alle sidegjere mål for dommarar registrerast, likevel slik at det vert gjort unntak frå registreringsplikta i tråd med kommisjonen sitt forslag.

Så vel medlemskap som verv i brorskap- og søstersamband vert registreringspliktig fordi dette vil bringe klåre liner og offentleg innsyn, og gjere det en-

klare for partar og prosessfullmektigar å vurdere eventuelt ugildskap tidleg i prosessen.

Godkjenning

Konkret foreslår departementet at dommarar ikkje utan godkjenning skal kunne påta seg gjere mål som er utan direkte samanhang med dommarstillinga, og som gjere det vanskeleg å utføre dei pliktene som er knytt til den. Innføringa av ei godkjenningssordning for arbeidstyngande sidegjere mål representerer ikkje noko anna eller meir enn det som følgjer av den alminnelege, ulovfesta lojalitetsplikten i arbeidstilhøve. Det nye er at ordninga vert lovfesta. Ei tilsvarande ordning vert innført for sidegjere mål som meir enn stundom kan gjere dommaren ugild.

Det vert gjort unntak for alle val og oppnemningar som vert gjorde av Stortinget eller av Kongen i statsråd, også til granskingskommisjonar. Reglane om godkjenning bør derimot gjelde for val som vert gjort av eit anna folkevald organ eller av eit politisk parti.

Departementet foreslår ikkje å følgje opp kommisjonen sitt forslag om forbod mot at dommarar tek på seg voldgiftsoppdrag på grunnlag av oppnemning berre av den eine parten, men følgjer elles opp kommisjonen sitt forslag til godkjenningssordning, jf. ny § 121 c i domstoloven.

Forbod

Eksisterande forbod mot stillings- og funksjonskombinasjonar vert førte vidare. Forbodet mot advokatverksemd vert utvida til å omfatte eit forbod mot å utøve rettshjelp stendig eller mot vederlag.

Det vert vidare foreslått innført eit alminneleg forbod mot at personar som vert tilsette fast som dommar kan ha permisjon frå tidlegare stilling, og mot at dommarar tek imot løn eller anna godtgjering frå tidlegare eller framtidig arbeidsgjevar.

Det praktiske opplegget for godkjenning og registrering av sidegjere mål

Domstolkommisjonen sitt fleirtal har foreslått at godkjenningsskompetansen vert lagt til den sentrale domstoladministrasjonen. Fleire høyringsinstansar har gått inn for at ein vesentleg del av godkjenningsskompetansen bør leggjast til domstolleiar.

Justisdepartementets er einig i at domstolleiar bør ha ansvaret for å ta stilling til godkjenningssaker for dommarane ved vedkomande domstol. Departementet foreslår likevel at det er domstoladministrasjonen som skal handsamast desse sakene i den aller første fasen, men at det vert opna opp for å delegere retten til domstolleiar.

Domstolleiaren si avgjerd kan klagast inn for domstoladministrasjonen som og skal vere registeransvarleg. De nærare detaljane om godkjenning og registrering av sidegjere mål vil bli nedfelt i føresegnar.

10.1.6 Administrative og økonomiske konsekvensar

Samla sett vil ein få ein eingangskostnad ved etablering av registrerings- og godkjenningsordninga på ca. kr 250 000. Dei årlege kostnadene til arbeid med registrering, godkjenning og systemvedlikehald ventar ein vil utgjere ca. kr1 00000.

10.2 Merknader frå komiteen

Komiteen er samd i at reglane om sidegjere mål vert fastsette i lov for dommarar. Forlikrådsmedlemmer, meddommarar og dommarar i særdomstolane vert ikkje i denne omgangen omfatta av ordninga.

Komiteen er samd i at registrering av sidegjere mål bør utgjere det vesentlegaste elementet i den samla reguleringa av dommarane sine sidegjere mål. Nærare detaljar om opplegget for godkjenning og for registrering av sidegjere mål må bli nedfelt i føresegnar.

11. KLAGE- OG DISIPLINÆRORDNING FOR DOMMARAR

11.1 Samandrag

11.1.1 Gjeldande rett/praksis

Faste dommarar kan berre gjevast avskil etter sivil rettergang og dom i medhald av Grunnlova § 22. Melombelse dommarar kan gjevast avskil administrativt og dei kan bli oppsagde, med mindre dei er konstituerte av Kongen.

Den alminnelege straffelovgjevinga gjeld og dommarane sine straffbare handlingar. Dertil kjem ein del særlege reglar i straffeloven som gjeld for offentlege tenestemenn som sviktar i si stillingsutøving. Ein dommar kan og bli frådømt stillinga som straff, eller pådra seg skadebotansvar ved mistak/unnlating. Høgsterettsdommarar står i ei særstilling idet saker om straffbare handlingar vert førte for Riksrett og dei kan heller ikkje fjernast frå stillinga på anna måte enn ved straffedom.

Regjeringa har rett og plikt til å føre tilsyn med dommarar, og kan reagere med visse, mildare åtgjerder overfor kritikkverdig dommarframferd. Kritikken kan gjelde både tenestlege tilhøve og private tilhøve som går ut over vedkomande dommar sitt omdømme og borgarlege vørnad. Det er likevel noko uklårt kva som ligg i disiplinærmakta, og nokon formell klageordning er ikkje etablert. Departementet er og varsam med å gripe inn overfor kritikkverdig dommarframferd på grunn av prinsippet om at domstolane og dommarane er uavhengige.

Domstolleiaren vil kunne påtale det dersom regelverk eller administrative vedtak ikkje vert følgde. Domstolleiar har både rett og plikt til å innrapportere

til Justisdepartementet meir alvorlege eller gjentekne brot på administrative rutiner mv.

I proposisjonen gjer ein greie for disiplinærordninga for andre stillings- og yrkesgrupper, m.a. advokatar. Vidare gjer ein greie for internasjonale og andre lands nasjonale ordningar. Generelt kan det seiast at disiplinærtiltak i form av åtvaring og kritikk er vanleg i andre land, men og meir vidtgåande tiltak finnest. Fleire land har formaliserte klageordningar. I nokre land er dommarane ved den/dei høgste domstolane unntatt frå disiplinærordninga.

11.1.2 Domstolkommisjonen sitt forslag

Domstolkommisjonen foreslår at dei grunnleggjande reglane om dommarane si rettslege stilling, til dette høyrer reglane om straff, avskil, suspensjon og erstatning, held fram som no. Kommisjonen meiner likevel det i tillegg er trong for ei heilt ny klage- og disiplinærordning. Klage- og disiplinærordninga er foreslått å gjelde for tilhøve i tenesten, arbeidsrettslege plikter i tilknytning til tilsetjingstilhøvet og tilhøve utanfor tenesten.

For å kunne nytte disiplinærtiltak, må det stillast som vilkår at dommaren har opptrådt klanderverdig. Dei foreslåtte disiplinærtiltaka er «kritikk» og «advarelse», som skal kunne gjerast offentleg i anonymisert form. Ei åtvaring vil vere det strengaste tiltaket.

Klagerett vert gitt til dei personane som direkte og personleg er utsette for dommaren si kritikkverdige framferd, først og fremst aktørane i retten. Ein dommar må og sjølv kunne be disiplinærorganet avklare om ho/han har gjort noko kritikkverdig. Vidare skal domstolleiar, domstoladministrasjonen (etter fleirtalet sitt forslag), Justisdepartementet og Den Norske Advokatforening ha klagerett. Det same gjeld andre organisasjonar som kan ha ei særleg interesse i å få disiplinærorganet si vurdering, for eksempel presseorganisasjonane. Disiplinærorganet bør og ha rett til å ta ei sak til handsaming av eige tiltak. For tilhøve utanfor tenesten skal berre Justisdepartementet, den sentrale domstoladministrasjon (etter fleirtalet sitt forslag) og domstolleiar ha klagerett, i tillegg til disiplinærorganet sin eigen initiativrett.

Kommisjonen tilrår at det vert etablert eit eige administrativt, kollegialt klage- og disiplinærorgan for dommarar. Organet skal fungere fritt og sjølvstendig uavhengig av både regjeringa og ein eventuell ny domstoladministrasjon. Tilsynsutvalet skal etter framlegget setjast saman av to representantar for ålmenta (som vert valde av Stortinget) to dommarar og ein advokat (som alle vert oppnemnde av regjeringa). Regjeringa oppnemner leiaren.

Eit fleirtal i kommisjonen foreslår at den innklaga dommaren får same rett til å forklare seg for Tilsynsutvalet som embetsmann/tenestemann har etter tenestemannsloven § 19 i sak om ordensstraff. Kommisjonen sitt mindretal meiner at det må vere opp til Til-

synsutvalet å avgjere om det er trong for å høyre dommaren si munnlege forklaring.

Kommisjonen er og delt i synet på omfanget av den rettslege overprøvinga av vedtak frå Tilsynsutvalet. Eit fleirtal meiner at den bør avgrensast til prøving av rettsbruken, sakshandsaminga og det faktiske grunnlaget for vedtaket, i tråd med dei alminnelege reglane som gjeld for overprøving av vedtak i forvaltningsorgan. Mindretalet meiner at alle lengst mogleg bør ha krav på at avgjerder som er vesentlege for dei, skal kunne overprøvast fullt ut ein gong.

Kommisjonen foreslår at alle dommarar skal omfattast av disiplinærordninga. Og lekdommarar, inkludert medlemmer av forliksråd, vert omfatta så langt det passar.

11.1.3 Høyringsinstansane sine vurderingar

Blant dei domstolane som har avgitt uttale, er det ei klår overvekt som er for at det vert oppretta ei eiga disiplinærordning for dommarar. Og Den norske Dommerforening stør forslaget. Trongen for eit regelsett for «god dommarskikk» vert m.a. teke opp av Norges Juristforbund og Den norske Dommerforening, og det vert reist spørsmål om det er ønskeleg å overlate utviklinga av dette til disiplinærorganet. Det er ulike syn på om retten bør ha full prøvingsrett ved overprøving av Tilsynsutvalet sine avgjerder. Nokre domstolar meiner at lekdommarar ikkje bør omfattast av disiplinærordninga.

Når det gjeld spørsmålet om høgsterettsdommarar skal omfattast av klage- og disiplinærordninga uttaler Høgsterett at den tvil Domstolkommisjonen har gjeve uttrykk for, og har gjort seg gjeldande for fleire av dommarane i Høgsterett, og konklusjonen hjå dommarane er ulik.

11.1.4 Justisdepartementet sine vurderingar og forslag

Justisdepartementet foreslår etablert ei ny klage- og disiplinærordning som i hovudsak er i tråd med kommisjonen sitt framlegg.

Nokre høyringsinstansar har gjeve uttrykk for ein viss skepsis mot ei klage- og disiplinærordning. Desse innvendingane må ein kunne koma i møte ved ein vid rett til å avvise klårt grunnlause klager.

Departementet er einig med kommisjonen om rekkjevidda for disiplinærordninga. Ved vurderinga av om tilhøve utanfor tenesten skal vere omfatta, må ein vege trongen for dette mot omsynet til dommarane sitt privatliv og personvern, og slike tilhøve skal berre kunne takast opp i ekstraordinære situasjonar.

Etter gjentatt åtvaring og/eller kritikk, bør ansvarleg tilsetjingsmakt vurdere om det skal reisast avskilssak. I andre land er det ikkje uvanleg med økonomiske sanksjonar. Slike sanksjonar har eit strafferettsleg preg, og høyrer etter departementet si vurdering heime i strafferettspleien.

Departementet følgjer opp kommisjonen sitt forslag om klagerett. Det er eit særskilt spørsmål om og tilsette ved eit dommarkontor skal ha klagerett i samband med reint administrative tilhøve. Justisdepartementet tilrår at den tilsette må bringe saka inn for den sentrale domstoladministrasjonen.

Tilsynsutvalet skal setjast saman av fem medlemmer som foreslått av kommisjonen, men departementet foreslår at alle vert oppnemnde av Kongen i statsråd. Det kan vere aktuelt å motta forslag frå eksempelvis domstolane, Den norske Dommerforening eller andre organisasjonar som representerer den aktuelle gruppa. Regjeringa skal likevel stå fritt i sitt val av personar til utvalet.

Funksjonstida for Tilsynsutvalet sine medlemmer vert fire år, med høve til gjenoppnemning for éin ny periode. Sekretariatsfunksjonen vert lagt til den nye domstoladministrasjonen.

Retten til å utnemne dommarar, suspendere dommarar samt ta ut tiltale i straffesak skal framleis liggje til Kongen. Dersom Tilsynsutvalet meiner at ein dommar sitt tilhøve kvalifiserer for straffesak eller suspensjon/sivil avskil, må utvalet ha ein plikt til straks å melde saka til påtalemakta/Justisdepartementet. Også domstoladministrasjonen vil kunne initiere ei straffe-, avskils- eller suspensjonssak.

Departementet foreslår at ein dommar som vert innklaga til Tilsynsutvalet skal ha same rett til å forklare seg munnleg direkte overfor Tilsynsutvalet, som ein embetsmann/tenestemann har rett til etter tenestemannsloven. Og klagar bør gjevast ein slik rett. Unntak gjeld der Tilsynsutvalet finn at det klårt ikkje er trong for munnleg forklaring. Tilsynsutvalet må og ha ein rett til å påleggje så vel dommaren som klagaren å møte for Tilsynsutvalet.

